



ÅRSMELDING 2009
(for tidsrommet 14/6-2008 – 20/6-2009)

Styret i Olav Sletto-selskapet har dette året vore samansett slik: Styreleiar Arne Skogheim, nestleiar Turid Birgit Lien, styremedlemer Kåre Olav Solhjell, Kaare Wensaas og Per Lilleslett. Varamedlemer Evalill Sletto, Eli Sælid og Maria Søndrål.

Rekneskapen har som tidlegare år vore ført av Ola Ruud. Revisorar Osvald Medhus og Jan Robert Wick. Valnemnd har vore Knut Medhus (leiar) og Knut Øyvind Skaro.

Pr. 10/5-2009 har laget 82 betalande medlemer. 9 medlemer har ikkje betalt medlemspengane pr. 10/5.

Det er dette året berre halde eitt styremøte omframt årsmøtet som vart halde 14.juni 2008.

Storparten av innhaldet av årsheftet for 2008 hadde brevvekslinga mellom Alf Larsen og Olav Sletto som tema. På årsmøtet heldt leiaren i Alf Larsens Litterære Stiftelse, Ragnar Ytrehus eit særst interessant kåseri om Alf Larsen og om arbeidet som blir gjort i stiftelsen. Han gav oss fleire tips om arkivarbeid og teikna eit fint portrett av Alf Larsen.

Aktivitetane dette arbeidsåret har vore konsentrert om utgjeving av lydboka "Per Sjø" og om det vidare arkivarbeidet av Sletto-samlinga i Hol bygdearkiv. Kåre Olav Solhjell vil fortelja om katalogiseringa av Sletto-arkivet på årsmøtet 2009.

Tor-Magne Hallibakken gjorde eit framifrå redigeringsarbeid med lydboka, og han tok også på seg produksjonen av dei 100 eksemplar som vart laga då tilbodet frå dei større lydbokprodusentane vart noko for kostbart for oss. Olav Randen laga eit fint omslag kostnadsfritt for oss. Med eit kommunalt prosjektilskot på 15.000 kroner og eit relativt godt sal av lydboka, syner rekneskapen for lydbokprosjektet eit overskot på kr.4593,75 pr. 25/4-09. Då har ein ikkje fått oppgjør for eit eventuelt sal på Notabene, Geilo. Restopplaget av lydboka er no 31 bøker, men frå dette talet går det som skal "pliktleverast" til registeret i Mo i Rana.

Hol Sparebank har også dette året gjeve selskapet eit godt tilskot på 3500 kroner. Det meste av dette blir brukt til å finansiera Årsheftet 2009. Vi takkar og Nynorsk Antikvariat for lysing i årsheftet. Dette året har vi vald å ta inn i årsheftet heile boka "Smaaord" av Olav Sletto, slik ho var trykt i 1912 på Sletto sitt eige forlag, Ringen forlag.

Hol, den 20.juni 2009.

Styret i Olav Sletto-selskapet

Arne Skogheim Turid Birgit Lien Kåre Olav Solhjell Kaare Wensaas Per Lilleslett